

Fra: Tor J Bjørgaas <torjb@online.no>
Sendt: 28.03.2023 21:47:21
Til: Siren B Øvre-Helland <Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no>
Emne: SV: Modalsdagane 2023

Hei

Eg takkar for mailen og dette høyrst bra ut.

Kunne du senda over programmet for dagen.

Billettsalet vil skje på Ticketco.no og hos billettøren ombord. Me har hatt den same ordninga ved andre kulturarrangement og dette har fungert godt.

Billettprisen vil eg foreslå blir den same som OSTER hadde på 2. Pinsedagsturen i fjor: Bjørsvik/Molvik tur/retur – Mo Kr. 300. Tysse og Vikanes tur/retur – Mo Kr. 200.

Rutetida, kan f.eks. vera: Bjørsvik kl. 1000, frå Molvik Kl. 1030, frå Tysse kl. 1100, frå Vikanes kl. 1145 til Mo kl. 1300.

Eg ser fram til å høyre ifrå deg.

Med venleg helsing
Tor Johannes Bjørgaas
Leiar i Nordhordland Veteranbåtlag

Fra: Siren B Øvre-Helland [mailto:Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no]
Sendt: tirsdag 28. mars 2023 10:22
Til: Tor J Bjørgaas <torjb@online.no>
Emne: SV: Modalsdagane 2023

Hei!

Beklager seint svar, det har vore ein del sjukdom i det siste.

Dette høyres veldig fint ut, og me ynskjer svært gjerne at Oster tar turen. Me skal sørge for annonsering i både aviser og på aktuelle nettsider.

Er det de som tar dykk av billettsal og oversikt over fråtrekk frå rekninga? Og har de ein billettpris? Dette bør komme med i annonse og program når me har det klart.

Mvh.

Siren B. Øvre-Helland
Konsulent for kultur og fritid



Modalen kommune | Postboks 44, 5732 MODALEN | Mobil 92087738 | Dir: 56599021

Dette er ikkje ei privat e-postadresse. All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

Fra: Tor J Bjørgaas <torjb@online.no>

Sendt: fredag 3. mars 2023 21:47

Til: Siren B Øvre-Helland <Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no>

Emne: SV: Modalsdagane 2023

Hei Siren

D/S OSTER er ledig på laurdag den 1. juli og kan svært gjerne ta ein tur til Mo.

Eg vil foreslå at me startar i Bjørsvik og går via Tysse og Vikanes og tek med interesserte, derifrå. Tidspunktet for ankomst til Mo bør passe med programmet dykkar. Likeeins tidspunktet for returen på ettermiddagen.

På Mo kan publikum få kjøpa Betasuppa, kaffi og vaflar mm. frå byssa. Me plar ikkje selja øl og vin på slike arrangement.

Heile båten vil vera open. Postkontoret vil vera bemanna. Alle som ønskjer det, kan få eit inntrykk av korleis modølingane reiste til/frå Bydn i eldre tider.

OSTER vil ha dekka bunkersutgiftene for denne dagen.

Bunkersutgifta: Literpris x forbruk/time x t/r-timar: Kr. 20 x 120 x 5 = Kr. 12.000

Dei selde billettane på tur/returreisa, vil gå til frådrag på kommunen sitt tilskott.

Sjøreisa må annonserast i lokalavisene i Alver og Osterøy kommunar, skal det vera håp om oppslutnad om Modalsdagane.

Dette er nokre tankar frå vår side og eg ser fram til å høyre ifrå deg.

Med venleg helsing

Tor Johannes Bjørgaas

Leiar i Nordhordland Veteranbåtlag

Fra: Siren B Øvre-Helland [<mailto:Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no>]

Sendt: tirsdag 28. februar 2023 11:18

Til: torjb@online.no

Emne: Modalsdagane 2023

Hei!

Henviser til telefonsamtale tidlegare i dag.

Me er no så smått i gong med planlegging av Modalsdagane 2023. I år blir det fredag 30. juni- søndag 2. juli. Det har tidlegare vore tradisjon for at Oster kjem inn og legg til kai laurdagen. Er dette av interesse i år også? Tanken er at det blir opning av Modalsdagane klokka 11.00 slik som tidlegare år. Korleis er det blitt gjort tidlegare i forhold til kostnadar og liknande?

På førehand takk for svar.

Mvh. Siren B. Øvre-Helland